

**Arkiv:**  
**JournalpostID:** 19/53  
**Saksbehandlar:** Tove Mette Fyllingen  
**Dato:** 16.04.2019

## Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
004/19	Valstyret Alver	09.05.2019

### Mottak av førehandsrøyster

#### Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

I tida 10.august til og med 6.september 2019 vert det mottak av førehandsrøyster på fylgjande stader:

- Rådhuset Frekhaug
- Rådhuset Manger
- Rådhuset Knarvik
- Lindås folkeboksamling i Knarvik
- Lindås filial

Dei tilsette ved biblioteka og kundesenter i dei tre rådhuset vert røystemottakarar.

Mottak av førehandsrøyster vert på fylgjande institusjonar i veke 36:

- Velferdssenteret/omsorgsbustadene og Radøy interkommunale busenter (RIB)  
Meland sjukeheim  
Lindås- bu og service  
Knarvik sjukeheim  
Ostertunet

Søknad om førehandsrøysting der ein bur må vera valstyret i hende innan 3.september.

Tid og stad for førehandsrøyster vert kunngjort i avis Nordhordland 19.juni og 28.august.

#### Bakgrunn for saken:

Saka skal avgjerast i valstyret

Veljarane skal kunna førehandsrøysta i perioden 10.august til og med 6.september 2019.

Etter endring i vallova i mai 2009 vert det og opna for at det skal vera mogeleg og førehandsrøysta allereie frå 1. juli. Dette er meint som eit tilbod til veljarane som verken kan røysta ved den ordinære førehandsrøystingsperioden eller på valldagen. Veljarane må då hendvenda seg til kommunen og

gjera avtale om tid og stad for førehandsrøystinga. Det vert lagt til rette for tidegrøysting i alle dei tre rådhusa.

Kommunen har ansvaret for tilrettelegginga av mottak av førehandsrøyster.

Etter vallova skal det vera to personar tilstades ved førehandsrøystinga, det vert gjeve fullmakt til valansvarleg å henta inn ekstrapersonell i denne perioden.

Det skal og vera mogleg å førehandsrøyste ved helse- og sosialinstitusjonane (§ 8-3 pkt.2)

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 var desse helse- og sosialinstitusjonane mottak for førehandsrøyster:

Velferdssenteret/omsorgsbustadene og Radøy interkommunale busenter (RIB)  
Meland sjukeheim  
Lindås- bu og servicesenter  
Knarvik sjukeheim  
Ostertunet

Det kan og verta tatt imot førehandsrøyster heime hjå personar som bur i trygde eller omsorgsbustad som har tilknyting til institusjonane. Tilsette og besøkande kan og førehandsrøyste her dersom dei ynskjer det.

Veljare som grunna sjukdom eller uførleik ikkje kan røysta etter §8-3 pkt 2 kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei bur. Søknad må sendast valstyret innan den frist dei har bestemt innafor perioden mellom tysdag og fredag siste veka før valet.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for mottak av førehandsrøyster.

#### **Valstyret Alver 09.05.2019:**

##### **Behandling:**

Framlegg tillegg:

Opningstidar i dei ulike lokala vert tatt med i kunngjering av stader for førehandsrøyster.  
Programansvarleg sitt framlegg med tillegg vart samråystes vedteke.

##### **VA- 004/19 Vedtak:**

##### **Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**

I tida 10.august til og med 6.september 2019 vert det mottak av førehandsrøyster på

fylgjande stader:

- Rådhuset Frekhaug
- Rådhuset Manger
- Rådhuset Knarvik
- Lindås folkeboksamling i Knarvik
- Lindås filial

Dei tilsette ved biblioteka og kundesenter i dei tre rådhuset vert røystemottakarar.

Mottak av førehandsrøyster vert på fylgjande institusjonar i veke 36:

Velferdssenteret/omsorgsbustadene og Radøy interkommunale busenter (RIB)

Meland sjukeheim

Lindås- bu og service

Knarvik sjukeheim

Ostertunet

Søknad om førehandsrøysting der ein bur må vera valstyret i hende innan 3.september.

Tid og stad for førehandsrøyster vert kunngjort i begge lokalavisane og på heimesida til Alver, Lindås, Meland, og Radøy kommunar.

**Saksopplysninger:**

«Skriv her»